

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 13/3300-7

Fv 575 - Søknad om namneendring - Berletunnelen

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Berletunnelen på fv. 575 i Bremanger kommune får endra namn til Berleporten.

Vedlegg:

Brev frå Bremanger kommune 3. mai 2013

Brev frå Statens vegvesen til fylkeskommunen 30. januar 2014

Brev frå Statens vegvesen til Stadnamntenesta på Vestlandet 9. mai 2014

Uttale frå Stadnamntenesta på Vestlandet 20. juni 2014

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka


Grunnen for at saka er fremja

Berle grendalag med støtte frå Bremanger kommune ynskjer å endre namnet på «Berletunnelen» på fv. 575 til «Berleporten». Grunngevinga deira er at «Berleporten» vart mala over tunnelen i 1990 og at grendalaget i 2009 sette opp namneskilt med same ordlyd. Grendalaget grunngjev ønsket om namneendring at namnet er stadig meir innarbeidd og vert brukt av alle. Dei meiner også at namnet fører til at fleire turistar tek turen til Berle.

I følgje stadnamnlova § 5 er det fylkeskommunen som har vedtaksrett for namn på fylkeskommunale anlegg. Statens kartverk skal bli orientert om saka.

Andre opplysningar

Berletunnelen ligg i starten av fv. 575 og går til grenda Berle i Bremanger kommune. Vegen tek av frå fv. 616 rett før tunnelen. Sjå kartet nedanfor:



I februar 2013 sendte Berle grendalag søknad til Bremanger kommune om å endre namnet til «Berletunnelen», med grunngjeving ovanfor. Formannskapet i Bremanger kommune drøfta saka 7.mars 2013. Formannskapet støttar Berle grendalag sin søknad om å endre namnet frå «Berletunnelen» til «Berleporten».

Vidare sendte Bremanger kommune søknad om namneendring til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Skrivemåten «Berleporten» har vore til uttale hjå Stadnamntenesta på Vestlandet. Dei har ingen merknader, og syner til at dette må reknast som ei innarbeidd tunnelnamnform.

2. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Namneendringa vil ikkje ha nemneverdige økonomiske konsekvensar. Kostnad med å sette opp nye namneskilt vil truleg vera i storleiken 20 000 kr.

3. Konklusjon

På bakgrunn av at dette er eit innarbeidd tunnelnamn i området og at både lokalbefolkning, kommunen og stadnamntenesta er samd i skrivemåten, meiner Statens vegvesen at Berletunnelen kan få endre namn til Berleporten.

Fylkesdirektøren for samferdsle sluttar seg til Statens vegvesen sine vurderingar og konklusjon.